



### §1 FORMÅL

§ 1.1 Elevrådet er det øvste demokratiske organ på skulen. Det skal ha til formål å fremme og ivareta elevane sine interesser.

### §2 OM ELEVRÅDET

§ 2.1 Elevrådet er samansett av tillitsvald og vararepresentant frå kvar basisgruppe. Alle har møteplikt, talerett, forslag- og stemmerett på elevrådsmøta.

§ 2.2 Elevrådet drøftar og gir tilråding i saker som leggjast fram av elevane eller andre. Elevrådet kan sjølv ta opp og leggje fram saker for rektor og Skuleutval som kan vere av interesse for elevane.

§ 2.3 Elevrådet er partipolitisk uavhengig.

§ 2.4 Elevrådet får eigne økonomiske midlar etter avtale med rektor. Midlar som skal nyttast til investeringar til det beste for elevane.

§ 2.5 Elevrådet har rektor som kontaktperson i skuleleiinga.

### §3 ELEVRÅDSTYRET

§ 3.1 Styret førebur saker for elevrådet, behandlar post, tek avgjerd i mindre omfattande administrasjonssaker og kan behandle hastesaker og småsaker, såframt elevrådet i ettertid blir informert om saksgongen.

§ 3.2 Elevrådsstyret består av leiar, nestleiar, sekretær, og 2 styremedlemmer. Alle styremedlemmar har møteplikt på styremøte og elevrådsmøte.

#### § 3.2.1 Elevrådsleiar skal:

- Ha ansvar for den daglege drifta av elevrådet
- Leie elevrådetsarbeid så det blir utført på best mogleg måte
- Leie styremøte og elevrådsmøter
- Representere elevrådet
- Ha hovudansvar for styret og arbeidet i Elevråd
- Ha ansvar for at styret fungerer saman
- Ha ansvar for økonomien

**§ 3.2.2** Nestleiar skal:

- Fungere som leiar i leiarens fråver
- hjelpe leiar i sitt arbeid

**§ 3.2.3** Sekretæren skal:

- Føre referat på styremøter
- Føre referat på elevrådsmøter
- Publisere alle referata på elevrådets lukka facebook-side og fronter

**§ 3.2.4** Styremedlemmar skal:

- Representere elevrådsstyret i skulemiljøutvalet
- Fungere som støttespelarar i elevrådsstyret
- Utføre delegerte oppgåver

**§ 3.3** Samansetninga av elevrådsstyret bør så langt det let seg gjere vere fordelt jamnt mellom kjønn, trinn og utdanningsprogram.

**§ 3.4** Elevrådet eller eit allmøte kan ved alminnelig fleirtal, velje og avsette individuelle styremedlemmer eller heile elevrådsstyret. Leiar og nestleiar kan avsettast ved kvalifisert fleirtall på  $\frac{2}{3}$  av Elevrådet eller eit allmøte.

**§ 3.5** Dersom heile elevrådsstyret eller individuelle styremedlemmar bli avsett etter § 3.4, skal det veljast nye til dei ledige verva på førstkommande elevrådsmøte. Valet gjennomførast etter § 3.2 og § 5.

**§ 3.6** Elevrådsstyret møter når leiar eller  $\frac{1}{3}$  av styret kallar inn. Det skal førast referat frå alle elevrådsstyremøte. Referata offentleggjerast på Facebook og Fronter. Dette bør gjerast innan 24 timar. Elevrådsstyret er berre vedtaksdyktig når halvparten eller fleire av dei med stemmerett er tilstade.

## **§4 ELEVRÅDSMØTA**

**§ 4.1** Elevrådet møter når leiar, styret eller  $\frac{1}{3}$  av basisgruppene innkallar til det. Alle tillitsvalde har talerett på elevrådsmøta.

**§ 4.2** Alle tillitsvalde har stemmerett. Elevrådsleiar har dobbelstemme ved likt stemmetal. Om tillitsvald frå ei basisgruppe ikkje er tilstade på elevrådsmøtet, får vararepresentanten frå same basisgruppe automatisk stemmerett.

**§ 4.3** Om både den tillitsvalde og vararepresentanten frå ei basisgruppe melder forfall, kan dei skrifteleg overdrage stemmeretten til ein annan elev. Ein representant kan stemme på førehand etter avtale med elevrådsleiar.

**§ 4.4** Elevrådet fattar vedtak i saker gjennom avstemming. Saker utan motstridande forslag blir det gjort med alminneleg fleirtal og passiv stemmegiving. I saker med motstridane forslag heldast det ytterleggående votering, saker som ikkje har alminneleg fleirtal har automatisk falt.

## **§5 VALG**

**§ 5.1** Klasserepresentant og vararepresentant veljast ved skriftleg avstemming i kvar enkelt basisgruppe. Halvparten eller fleire av basisgruppa må vere tilstade.

**§ 5.2** Elevrådsleiar og styret skal veljast ved skulestart av elevrådet. Over halvparten av medlemmane i elevrådet må vere tilstade.

**§ 5.3** Ved personval av leier må ein kandidat få simpelt fleirtal for å vinne valet. Ved personval av nestleiar, styremedlem og sekretær må ein kandidat få simpelt fleirtal for å vinne valet (ein må ha fleire stemmer enn motkandidatane). Ved personval av tillitselev og vararepresentant i basisgruppene, krevjast simpelt fleirtal for å vinne valet. Ved andre personval enn dei nemnde, har elevrådsstyret mynde til å innstille på om det skal krevjast absolutt eller simpelt fleirtal for å vinne valet.

**§ 5.4** Dersom det er nødvendig for at valprosessen skal bli god nok, skal det setjast av to elevrådsmøter til val av styre. Ein god valprosess kjenneteiknast ved at det er satt av tid til at kvar av kandidatane held ein valtale på gitt tal minutt satt av elevrådsstyret, at det er satt av tid til spørsmålsstilling til kandidatane og at det skjer skriftleg stemmegiving.

**§ 5.5** Dersom elevrådsleiar av forskjellige grunner ikkje kan fortsette som elevrådsleiar skal nestleiar bli innsett som elevrådsleiar. I denne perioda får elevrådsstyret saman med elevrådet ansvar for å finne den nye leiaren, og inntil den nye leiaren er på plass kan ingenting vedtakast i verken elevrådet eller styret.

**§ 5.6** Når det skal veljast elevråd styre kan kunn tillitsvalde frå dei ulike basisgruppene stille. Valet skal skje lukka med kunn tillitselevar, vara, og rektor tilstade.

## **§ 6 Tillitsvald**

**§ 6.1** Den tillitsvalde skal bringe informasjon mellom elevrådet og basisgruppa, og ta opp saker i elevrådet frå basisgruppa. Når saker har blitt behandla i basisgruppa er representantane bundne av basisgruppa si mening. Når saka ikkje er behandla i basisgruppa kan tillitsvald/vara stemme slik han trur basisgruppa ville stemt.

**§ 6.2** Dersom ein tillitsvald ikkje utfører oppgåvene sine på ein tilfredstillande måte og/eller har ein upassande oppførsel, kan skuleleiinga etter undersøking be den aktuelle basisgruppa om å velje ein ny tillitselev eller vararepresentant. Dette gjeld og dersom tillitsvald eller vara møter på mindre enn halvparten av elevrådsmøta.

**§ 6.3** Basisgruppa kan til ei kvar tid velje ein ny tillitselev eller vararepresentant. Dersom ei basisgruppe vel ein ny tillitselev, må basisgruppa gi skriftlig beskjed til elevrådsstyret.

## **§ 7 Vedtekter**

**§ 7.1** Elevrådet sine grunndokument er vedtekter og valreglar. Vedtektene og valreglane blir vedtatt på første elevrådsmøte.

**§ 7.2** Vedtekter skal vedtakast på elevrådsmøte der  $\frac{2}{3}$  av dei med stemmerett har møtt opp.

**§ 7.3** Vedtektene kan kunn endrast 3 gongar per elevrådsperiode.

**§ 7.4** Det må ved endring av vedtekter vere  $\frac{2}{3}$ -fleirtall, der berre stemmene for og imot er teljande.

**§ 7.5** Vedtekter trer i kraft når elevrådsmøtet er over.

**§ 7.6** Elevrådet sine vedtekter skal vere synleg for alle.

**§ 7.7** Elevrådsstyret kan gjere redaksjonelle endringar i vedtektene, utan at dette må gjennom elevrådet.

## **§ 8 Val av Skulemiljøutval**

**§ 8.1** Elevrådet vel 5 representantar til Skulemiljøutvalet. Styremedlemmane i Elevrådsstyret sit fast i Skulemiljøutvalet. Alle elevane ved skulen kan stille til val til dei tre andre medlemsverva.

## **§ 9 Representantar i Skuleutval**

**§ 9.1** Elevrådsleiar og nestleiar sit fast i Skuleutvalet.